



Kviteseid kommune Rådmannen

Det kongelege justis- og beredskapsdepartement

Dykkar ref: Vår ref: Saksh: Arkivkode: Dato:
2013/66-9 Hans Bakke, 100 23.09.2013
35 06 81 36
hans.bakke@kviteseid.kommune.no

Høyring: NOU 2013 "Ett politi - rustet til å møte framtidens utfordringer"

Kviteseid kommune har motteke den NOU 2013 – "Ett politi – rustet til å møte framtidens utfordringer (Politianalysen) til fråsegn.

Innleiing

Fråsegna er ikkje handsama i politiske organ fordi høyringsfristen ikkje gav oss tid til dette i forhold til møteplan for politiske organ. Dette høyringssvaret er derfor utforma av rådmannen i samarbeid med ordførar. Grunnlaget for å kunne gjera dette er at kommunestyret for ikkje så lang tid tilbake gav ei grundig fråsegn til Telemark politikammer sin rapport "*En styrket polititjeneste – samlokalisering i Vest-Telemark*". I svaret på denne rapporten gjorde kommunestyret i Kviteseid viktig vurderingar som ein også meiner er relevant når ein skal vurdere denne nye nasjonale Politianalysen. Kommunestyret si fråsegn til rapporten om politiet si organisering og struktur i Vest-Telemark vert derfor lagt ved.

Bakgrunn

Utvalets oppdrag var bl.a. å gjennomføre ein politianalyse, som skal danne grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av etaten. Analysen skulle peike på framlegg til forbetringar og tiltak for å legge til rette for betre oppgåveløysing og meir effektiv ressursbruk i politiet. For å utvikle eit politi som kan møte framtidens behov tilrår utvalet at det blir gjennomført to reformer i norsk politi; ei strukturreform og ei kvalitetsreform.

- Strukturreforma har til føremål å frigjere ressursar til løysning av kjerneoppgåvene og legge føresetnader for eit kompetent og robust lokalt politi samt robuste fagmiljø og spesialistar regionalt og nasjonalt. Strukturreforma gjer framlegg om endringar i politiets oppgåvesett og ein ny struktur og organisering av politiet.
- Kvalitetsreforma har til føremål å utvikle et kunnskapsbasert og effektivt politi med evne til kontinuerlig forbetring og utvikling. Kvalitetsreforma vil omfatte forbetringar i styring og leiingsprosessar samt forbetringar knytt til kvalitet og prestasjonar.

Nokre av dei sentrale tiltaka er:

Postadresse: Kviteseidgt. 13	Telefon: 35 06 81 00	Bankkonto: 2660 07 00145
3850 KVITSEID	Telefaks: 35 06 81 01	Foretaksnr.: 964 963 827
E-post: post@kviteseid.kommune.no	Heimeside: www.kviteseid.kommune.no	

- Auka prioritet til politiets kjerneoppgåver
- Ei tydeleg nasjonal leiing av politistyrkane
- Tydelegare skilje mellom politisk styring og fagleg utøving
- Færre politidistrikt for å gi større einingar og gjere det mogeleg med større grad av spesialisering
- Færre og større tenesteeiningar for å frigjere ressursar til innsats og beredskap
- Sentral styring av teknologiportefølje

Kviteseid kommune sin vurderingar:

Kviteseid kommune er usikker på om Politianalysen gjev eit fullgodt bilete av noverande struktur med eit lokalt og nært politi. Kviteseid kommune meiner at ein eventuell endring i politiets distrikts- og lokalstruktur burde ha basert seg på ein grundigare gjennomgang og vurdering av dei positive effektar ein desentralisert struktur med eit «generalistpoliti» har for førebygging og kriminalitetsnedkjemping. Ei noko meir balansert vurdering bør ligge til grunn før ein iverkset eventuelle endringar.

På ei anna side er det viktig at eventuelle endringar i politiet sin organisering vert sett i samanheng med eventuelle endringar i kommunestrukturen som no er varsla av dei parti som i desse dagar tingar om grunnlaget for ei ny regjering.

a) Overføring av oppgåver frå politiet til bl.a. kommunane:

Overføring av oppgåver innan sivil rettspleie, forvaltningsoppgåver og nokre politimessige oppgåver (eksempel, framlegget om at kommunen skal overta ansvaret for overstadig fulle personar) frå politiet til andre, bl.a. kommunane, må utgreiast grundig før vedtak om overføring treffes. Kviteseid kommune vil ikkje avvise at dette kan vera teneleg, men kommunane og dei etatar som det er aktuelt å overføre oppgåver til må grundig involverast i utgreiingsarbeidet. Kostnadene knytt til eventuelle oppgåver kommunane overtar, må bli fullfinansiert frå staten.

b). Ein reduksjon av talet på tenestader frå 354 til ca. 210

Kviteseid kommune ser at det kan vera tilhøve som talar for å redusere talet på tenestestader. Det er likevel viktig at endringar av lokal politistruktur blir sett i samanheng med kommunestruktur. Kommunane representerer grunnstrukturen i den norske velferdsstaten – noko som tilseier at andre statlege tenester bør tilpasse seg kommunens organisering så langt det er tenleg. Politiet og kommunen må inngå forpliktande samarbeidsavtaler lokalt om det lokale tenestetilbodet og om samarbeidet mellom kommune og politi.

I vurderinga av eventuelle nye tenestestader er det svært viktig at dette vert sett i samanheng med justissektoren sin geografiske struktur. I tråd med dei vurderingane som er gjort i vedlagte rapport om strukturen i Vest-Telemark, ser Kviteseid kommune det som svært viktig at ein framtidig struktur byggjer opp under at Vest-Telemark framleis kan ha eigen tingrett i regionen. Me har alt gode erfaringar med samlokalisering av tingrett og jordskifterett og det er viktig at ei eventuell ny geografisk organisering i regionen ikkje svekkar den samordna regionale domstolen. Meir om dette er gjort greie for i vår fråsegn til rapporten: *"En styrket polititeneste – samlokalisering i Vest-Telemark"* som ligg ved.

c) Politidirektøren skal vedta endringar i lokal struktur

Eventuelle endringar må bygge på ein grundig prosess der styresmakter sitt syn blir tillagt stor vekt.

d) Norsk politi skal organiserast i seks regionar

Kviteseid kommune meiner at fleire av dagens 27 politidistrikt kan vera for små for å handtere

framtidens kriminalitetsutfordringer og større kriser/katastrofer. Vinje kommune vil likevel gå ifrå ein modell med berre seks politidistrikt/regionar. Politianalyseutvalet undervurderer kor viktig lokalkunnskap i politidistriktas arbeid er og kor vanskelig det er å sentralisere kompetanse. Alternativet er anten ein fylkesmodell med 18 distrikt eller en «mellommodell» med 10-11 distrikt.

e) Det ungdomsretta førebyggjande arbeidet normerast til minst sju stillingar pr. region (ca. to pr. fylke)


Kviteseid kommune meiner at Politianalysen si handsaming av politiets førebyggjande arbeid ikkje er grundig nok. Utvalet klarer ikkje fange opp kva som kjenneteiknar denne type arbeid. Det får heller ikkje fram det verd det har for kommunens førebyggjande arbeid. Utvalet kjem med eit framlegg til minimumsbemanning pr. region som er ikkje er tilstrekkeleg om dette er ressursar som skal arbeide lokalt i et samarbeid med kommunane i politidistriktet.

Kviteseid kommune vil foreslå at det gjennomføres ein eigen og langt grundigare analyse av det ungdomsretta førebyggjande arbeidet. Norsk politi må ikkje bli endra utan at dette er grundig handsama.

Med helsing



Hans Bakke
rådmann



Torstein Tveito
ordfører

Vedlegg: Kviteseid kommune si fråsegn til rapporten frå Telemark politidistrikt "En styrket polititeneste – samlokalisering i Vest-Telemark"